



# Verneplan Gjøvdal kyrkjegard

Orientering om arbeid med utvida verneplan i 2023

Verneplan, vedtatt 28.08.2013 av Åmli fellesråd, vidareføring av verneplan for Gjøvdal kyrkjegard sak 016/13

## Innhold

Forord .....	3
Særutskrift frå Åmli sokn:.....	3
Ny og utvida verneplan for Gjøvdal kyrkjegard .....	5
1. Innleiing.....	5
2. Historisk tilbakeblikk på kyrkjestaden Askland i Gjøvdal .....	7
3. Kyrkjegarden, kart, viser freda område, mellomalderkyrkjegard .....	9
4. Utvidingar .....	11
5. Lover og forskrifter, formelle rammer for vern .....	12
Kriterier for vern.....	12
6. Mål for utviding i 2023 av verneplanen som blei vedtatt i 2013: .....	13
7. Gravfeltstruktur og områder: A, B, C, D, E (skisse og bilde).....	14
8. Dagens situasjon, oversikt over områda som har/skal ha verna gravminne.....	18
9. Kva bør verneplanen omfatte? Ei vurdering .....	22
10. Gravminne, framlegg til vern av gravminne .....	23
11. Følgjer av verneplanen/forvaltningsreglar .....	32
12. Vidareutvikle, sjå samanhengar.....	32
13. Drift, skjøtsel .....	32
14. Økonomi.....	33
15. Oversikt over arbeidsgangen i verneplanen .....	33

## Forord

Landskapsarkitekt Ingunn Hellerdal har utarbeidd Verneplan for Gjøvdal kyrkjegard, Åmli kommune, i samarbeid med Ellinor Oland, dåverande leiar av Gjøvdal sokneråd. Verneplanen blei vedtatt i 2013 av Åmli Fellesråd. Vedtaket seier at verneplanen skal vurderast på nytt etter 10 år, dvs i 2023, 2033 osv., med tanke på «nyare» gravminne eldre enn 60 år (1952-1962, i 2023).

Verneplanen, vedtatt 28.08.2013, blei sendt ut på høring til Riksantikvaren, Gravplassrådgiver, Bispedømmet, Aust-Agder fylkeskommune, Åmli kommune, ingen innvendingar til planen.

Etter nytt vedtak, sjå under, vil ei verneplangruppe (Ellinor Oland, Gunvor Oland, Eldbjørg B. Smeland, Laila Haugli) begynne arbeidet med vidareføring av verneplanen og vurdering av gravminne som pr i dag er eldre enn 60 år, med tanke på vern.

Ein gjer merksam på at Verneplanen også er nemnt i kulturminneplan for Åmli kommune 2016-2028.

## Særutskrift frå Åmli sokn:

Åmli sokn har i møte den 09.03.2022 hatt denne saka til handsaming:

*2022/9 Verneplan Gjøvdal kyrkjegard -evaluering og vurdering av nye graver for vern*

### UTGREIING

Åmli fellesråd vedtok i sak 016/13 den 28.08.2013 verneplan for Gjøvdal kyrkjegard. Verneplanen er utarbeidd av landskapsarkitekt Ingunn Hellerdal, datert 06.05.13.

Vedtaket seier at verneplanen skal vurderast på nytt etter 10 år.

Ellinor C Oland har arbeidd tett saman med Ingunn Hellerdal med denne verneplanen, og har lagt ned svært mykje arbeid i dette. Ellinor Oland er villig til å arbeide med ny vurdering av gravminner dersom AU og soknerådet er positive til ny vurdering av verneplanen.

Verneplanen var i 2012-2013 på høyring til Agder og Telemark bispedømme, Riksantikvaren, Gravplassrådgjevar, Aust Agder fylkeskommune og Åmli kommune der svara var udelt positive! Det vart verna omlag 70 gravminner på gravplassen nærast og rundt kyrkja, felte A, B, C, D og E. Alle eldre enn 60 år. Alle desse gravminnene er GPS-registrert. I tillegg er felt D stengt, og felte A, B, C og E er berre tillat nytta til urnegraver. (vedteke av Agder-og Telemark bispedømme 17.12.2014). Kostnadene med utarbeiding av denne verneplanen vart dekkja mellom anna av midler frå Aust-Agder fylkes kulturminneavdeling, gåve frå Sp.Sør, samt bruk av testamentarisk gåve til tidlegare Gjøvdal sokn. Eigeninnsatsen til lokale er gjort på frivillig basis.

I tillegg har ei arbeidsgruppe frå tidlegare Gjøvdal sokn fortsatt arbeidet med å vedlikehalde og stelle verna gravminner. Også dette på frivillig basis.

Kyrkjeverje og verneplangruppa i gamle Gjøvdal sokn v/ Ellinor Oland har samarbeida nært desse åra om verneplanen, og ved opprydding i festeforhold/festeforfall, tar kyrkjeverje kontakt med festar og spør om dei vil la gravminne stå med tanke på evt vern. Desse vil då være med i ny vurdering.

Gravminnet må være eldre enn 60 år.

Saka vart behandla i AU 28.02.22, AU er svært positive til at denne prosessen igangsettast.

### FRAMLEGG TIL VEDTAK

Åmli sokn vedtek å vidareføre arbeidet med verneplanen for Gjøvdal kyrkjegard. Det vurderast nye gravminner for vern. Åmli sokn ser positivt på arbeidet til Verneplangruppa, og er svært positive til at dei kan ta til med arbeidet.

## HANDSAMING

Gjennomgang av arbeidet med verneplan, arbeids/vernegruppe.

Medlemmar av soknerådet er positive til vern, og det vart ytra ønskje om at slikt eit arbeid også kunne utførast på dei andre kyrkjegardane.

Vedteke med 5 mot 1 røyst.

## VEDTAK

Åmli sokn vedtek å vidareføre arbeidet med verneplanen for Gjøvdal kyrkjegard. Det vurderast nye gravminner for vern.

Åmli sokn ser positivt på arbeidet til Verneplangruppa, og er svært positive til at dei kan ta til med arbeidet.

Åmli sokn  
Liv Eikås-Homme

kyrkjeverje

Framlegg til ny og utvida verneplan, skal handsamast i 2023

# Ny og utvida verneplan for Gjøvdal kyrkjegard

Verneplangruppa som arbeider med planen: Ellinor Oland, Eldbjørg B. Smeland, Laila Haugli, Gunvor Oland. Arbeidet påbegynt 2022.

## 1. Innleiing

I 2018 kom ei rettleiing for utforming av verneplan frå gravplassrådgevar Åse Skrøvset. Den slår fast at gravplassar er kulturminne som står i ei særstilling. Ein får innsyn i historie, tradisjonar, om folk som har levd i bygda, utvikling av typer gravminne, symbolbruk m. m. Det er lokalhistorie. For den einskilde kan gravminnet bety mykje.


Gjøvdal kyrkjegard har vore i kontinuerleg bruk som gravplass. Kyrkja ligg på ein haug, området nærmast kyrkja er freda (definert som mellomalderkyrkjegard). Den første planen verna dei eldste gravminna frå ca 1880 og fram til om lag 1950. Utan vern ville mange av desse etter kvart ha blitt sletta, og kyrkjegarden ville ha mista verdfull historie. Nå kan ein sjå ei historisk utvikling i typar gravminne. I tillegg må nemnast at det er god plass til nye graver på den nyaste delen (kistegravlegging), F, G etc, utviding i 1983. På den «gamle» delen er område D stengt for gravleggingar (grunntilhøva), på område A, B, C og E kan ein bare setje ned urner, (unntak er botnen), vedtak 17.12.2014 i Agder og Telemark bispedømme. Det er god plass til urner på desse områda.

Ein må halde fram med å verne gravminna som kjem i perioden etter dei som allereie er verna.

Sjå kart, freda område, s. 7 og kart/skisse over Gjøvdal kyrkjegard, s. 8.

Denne gongen det i første rekke aktuelt å vurdere gravminne frå før 1952, og gravminne frå perioden 1952 til 1962, vurdere område A, E og D, område B og C for vern på grunn av terrassane. Muren rundt ein del av kyrkjegarden er også svært spesiell og burde ha blitt inkludert i verneplanen. Grindene inn til kyrkjegarden er i smijern. Det er grinder på to stader, og dei bør vurderast med tanke på vern.

## Kart og bilde



Kart over området Askland med kyrkja

Bilde under(lasta ned i 2022): Slik ser området ut i dag. Ein ser del av grenda Askland. Kyrkja og kyrkjegarden ligg midt i bildet. Bygdevegen er markert med kvite strekar. Kyrkja blei bygd i 1803, på gammal kyrkjestad, men med litt større grunnflate.



Gjøvdal kyrkje 2003, ved 200 årsjubileet

## 2. Historisk tilbakeblikk på kyrkjestaden Askland i Gjøvdal

Gjøvdal kyrkje har ei lang historie. Askland er gammal kyrkjetomt i Gjøvdal, og kyrkja ligg på ein haug, lett synleg frå alle kantar.

I 1805 kom Martin Friederich Arendt (1769-1823) til Askland i Gjøvdal. Han var særst interessert i fornminne og runeinnskrifter. Han fekk sjå eit trestykke frå stavkyrkja, riven i 1803, med ei innskrift som han tolka som «eldgammel og angelsaksisk skrift». Professor Sophus Bugge daterer seinare denne innskrifta til ca år 750. Trestykket kan peika mot at det har vore eit gudehov, og at materiale frå dette kan ha blitt gjenbrukt.


I 1452 er namnet Asklands kirkja. Mot slutten av 1700-talet og først på 1800-talet er namnet Gievedahls kirke eller Gievedahls Annexkirke vanleg brukt. Før nåverande kyrkje frå 1803, stod det ei stavkyrkje her, litt mindre enn den «nye». Av dokument i samband med reparasjonar, ser ein at det er ei stavkyrkje. Om stavkyrkja i katolsk tid veit ein ingenting, heller ikkje om gravleggingar og gravplassar. Askland kyrkje er nemnt i kjelder første gang i dokument datert 1408/09 i samband med eit sal av gardpartar, i Asklandz kyrkjesokn.

Det er eit krusifiks, datert til ca 1250, kasta ut ved reformasjonen, overført til Aust-Agdermuseet i 1953, er i kyrkjesalen der.

Den gamle stavkyrkja var i så dårleg stand rundt ca 1800 at den blei riven, og ny kyrkje blei sett opp. Den nye blei tatt i bruk i 1803, litt uferdig.

Kjelder: Åmli Kyrkje, jubileumsboka Gjøvdal kyrkje, jubileumsbok Gjøvdal kyrkje 2003

### Gamle bilde av kyrkja



Bildet skal vere frå 1909. Kyrkja ligg på ein haug og er lett synleg i grenda Askland som er eit sentralt område midt i bygda. Her er gardsbruk og gammal busetnad. Det er ein gammal kyrkjestad, truleg frå 1200-talet.

Kort sendt 1915, muren på eine sida synleg, nokre gravminne synlege.




Bilde frå om lag same tidsperiode, alder ikkje stadfesta.






Foto av område A på Gjøvdal kyrkjegard, alder usikker, men før 1953. Fleire gravminne synlege.

### 3. Kyrkjegarden, kart, viser freds område, mellomalderkyrkjegard





Bilde viser at kyrkja ligg på ein «topp» i terrenget, i freda område som vist på utsnitt av kart fra Askeladden. Bildet: Gravfelt D ligg til høgre for kyrkja, A til venstre, E bak delen med tårn.



Kart/skisse (Ingunn Hellerdal) med område A,B,C,D,E, nytt område F, G osv. (utvidinga i 1983). Med utvidinga i 1947 blei område B og C forlenga oppover.

#### 4. Utvidingar

Kyrkjegarden var tidlegare området rundt kyrkja, notert som område A, område D og område E, og dei ligg stort sett på mellomalderdelen som er freda område (Riksantikvaren). Ein veit ikkje helt nøyaktig kor stor den første kyrkjegarden var. I *Gjøvdal kyrkje gjennom tidene*, 1953, s 82 står det at *kring kyrkja er det gammal gravplass*.

**1897:** Utvidinga må ha vore mot sør, mot botnen, mellom dagens terrassar, felta A og B/ C.

**1927:** Kyrkjegarden utvida med  $\frac{3}{4}$  mål, i retning gammalt skulehus, godkjend av Kyrkjedepartementet 4.02.1927. Kyrkjegarden gjekk då om lag til det som er første terrasse (B og C).

**1947:** Kyrkjegarden utvida med  $\frac{1}{2}$  mål 18.09.1947. Planar med skisse kom, utarbeidd av fylkesgartnar Sjur Tveito. Planane la grunnlaget for korleis kyrkjegarden ser ut i dag, med terrassar. Utvidinga i 1947 er i retning frå kyrkja, vidare i bakken opp mot Askland forsamlingshus (gmlt skulehus). Kyrkjegarden blei etter krigen modernisert i tida fram mot 150 årsjubileet i 1953. Fylkesgartnar Sjur Tveito hjelpte til med gode råd. Det blei arbeidd med tanke på å få ein fin kyrkjegard til jubileet. Frå kyrkja og ned mot botnen (omr. A) blei det lagt tre terrassar, botnen blei fylt opp med sand, jamna til, og det blei planert tre terrassar oppover på den andre sida i bakken. Bygdefolket la ned ein stor dugnadsinnsats. Det blei brukt mange timar. Folk var opptekne av å få ein fin kyrkjegard. Ein har nå plenkyrkjegard. Bjørk blei planta rundt kyrkjegarden (ytre innramming av heile gravplassen).

Det blei lagt heller i stigen opp mot kyrkja, langs kyrkja på oversida mot sakristiet og til den øvre smijernsporten.

#### Bilde av komiteen som arbeidde med kyrkjegarden til jubileet i 1953



Frå v. Sjur Tveito, fylkesgartnar, Torjus Jørundland, Aslak T. Homdrom, Kari Landsverk

Knut Vollen, f. 1942, hugsa at det blei gjort endringar, og han mintest at det var barnegraver på område D på nedsida av kyrkja. Desse blei sletta, barnegravene gjorde inntrykk på han. 1983: Ny utviding i retning det gamle skulehuset, god plass til nye gravleggingar. Det er sett opp stakittgjerde rundt den nyaste delen.

Usikkert når kyrkjegarden blei delt inn i område A,B, C, D og E.

## 5. Lover og forskrifter, formelle rammer for vern

Kulturminneloven § 2 definerer kulturminner som alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder steder det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til. Naturelementer med kulturhistorisk verdi er kulturminner eller kan inngå som en del av et kulturminne.

Kulturmiljøer er områder hvor kulturminner inngår som del av en større helhet eller sammenheng. En gravplass med sine bygninger vil i mange tilfeller kunne utgjøre et eget kulturmiljø og inngår også i noen tilfeller som en del av et større kulturmiljø.

§27 Bevaring i gravferdsforskriften gir hjemmel for vern av gravplass

«Kirkelig fellesråd kan vedta at områder av gravplassen eller enkeltgraver med gravminner og annet utstyr skal bevares. Slikt vedtak kan bl. a. gjøres dersom gravminner på et område av gravplassen eller grav er av en viss alder, at det representerer en stilhistorie, har et lokalt særpreg i form eller materialbruk, gir uttrykk for en interessant personalhistorie eller er unikt.

Gravplassvedtektene skal inneholde egne bestemmelser for de områder eller graver som vedtas bevart»

Kriterier for vern

1. Ein viss alder, minst 60 år
2. Stilhistorie
3. Lokalt særpreg
4. Interessant personalhistorie
5. Unikt, skil seg ut

Kommentar til pkt 1. Det er fastsett i det såkalla kyrkerundskrivet (T-3/2000: Forvaltning av kyrkje-, kyrkjegard og kyrkja sin omgavnad som kulturminne og kulturmiljø) at gravminne eldre enn 60 år som er i kyrkjegarden sin eige ikkje kan fjernast frå kyrkjegarden utan at fylkeskulturvernmyndigheita har hatt høve til å uttale seg med omsyn til vern av gravminnet. I utgangspunktet er det derfor sett ei yngste aldersgrense for å bli vurdert i verneplanen. Den er sett til 60 år, det vil seie alle gravminne eldre enn 1962. Alle gravminne der eldste gravlegging er frå før 1962, er vurdert og registrert. Det er og gravminner der kan ein ikkje heilt sikkert kan slå fast om dei er frå første gravlegging.

Kommentar til pkt 2. Gravminna er registrerte på eige skjema, med foto. Ein har gruppert dei etter form og utsjånad, i grupper, type A til H. Symbolbruk og skrift syner store variasjonar.

Kommentar til pkt 3. Gjøvdal er ei lita bygd, kyrkjegarden er ikkje av dei største. Plasseringa av graver rettar seg til ein viss grad etter terrenget. Gravminna har i liten grad lokalt særpreg, men speglar trendar i gravminne frå (lokal) steinindustri. I den tidsepoken vi har registrert nå, er det bare gravminne i stein. Det er ikkje gjort samanliknande studie av andre kyrkjegardar i nærleiken.

Kommentar til pkt 4. Det er ikkje lagt vekt på kva posisjon den einkilde har hatt i samfunnet. Likevel, nokre skil seg ut, minnesmerka fortel litt. Men samfunnet har ikkje hatt skilnader som ein finn i ein by. Vi prøver å ta med eit variert utval utan omsyn til posisjon høg eller låg i bygda. Det er ikkje ført yrke på gravminna.

Kommentar til pkt 5. Kvalt gravminne er unikt i den forstand at namn/årstal og liknande er sett på i kvart tilfelle. Og det er også slik at det er heller ikkje mange – om nokon? – som er heilt like kvarandre i form/dekor/type skrift osv. Når det er sagt, er det likevel ikkje slik at ein vil bruke nemninga ”unik”. Men under registreringa laga vi ein kategori som vi kalla ”annan” type, dvs gravminne som skil seg ut, slik at det ikkje utan vidare let seg kategorisere innanfor dei vanlege typane. Sjå elles kommentarar til pkt 2 og 3.

Ingunn Hellerdal skreiv i 2013 at «dersom eitt eller fleire av desse kriteria er oppfylt, og gravminnet står på sin opphavslege plass, er det fleire gode grunnar til å foreslå at gravminnet skal vernast.» det same gjeld i 2023.

## Vern

Gravferdslova § 27 set den formelle ramma for vern. Lova slår fast at festar av gravminnet er eigar, § 20. Kirkelig fellesråd kan vedta vern, men betalande festar må samtykke i vern.

Gravplassvedtektene skal inneholde egne bestemmelser for de områder eller graver som vedtas bevart.

Gravplassvedtekter for kyrkjegarden, sjå vedlegg.

### 6. Mål for utviding i 2023 av verneplanen som blei vedtatt i 2013:

**Hovudmål: Halde fram med å ta vare på kultur, tradisjon og lokal historie.**

Vidareføring av lokal historie, sett særlig i høve til gravminne, historisk utvikling i bruk av typar gravminne. Utvalet verna gravminne skal syne utvikling og endring i kva som har vore brukt, symbol på gravminna fortel ei historie. For etterslekt er gravminne viktig. Dei er minne om forfedrane og fortel kommande generasjonar om ei fortid dei ofte veit lite om. Difor er det viktig å ha eit breitt utval av verna gravminne for ettertida.

Målet er framleis å verne eit mangfold av gravminne. Nokre er frå før 1952, ca halvparten ein foreslår verna er frå perioden 1952-1962. Det vil seie at dei er eldre enn 60 år (etter første gravlegging) og skal vurderast med tanke på vern, § 27 i gravferdsloven. Mange gravminne er yngre enn frå 1962, og blir ikkje foreslått verna.

Flest mogleg gravminne nær kyrkja på freda område (mellomalderkyrkjegard) bør vernast, utan omsyn til alder. På område D er det allereie restriksjonar pga jordsmonn. Nye gravleggingar er ikkje tillete her. På felta E, A, B, C er det ikkje vidare tillete med nye kistegravleggingar, med unntak nedst på A, vedtektene § 2. Her er det bare tillete med urnenedsetting (vedtak 17.12.2014 Agder og Telemark bispedømme,). I planen er alle gravminne eldre enn 60 år vurdert med tanke på vern. E, A, B og C har terrassar, strukturen er spesiell. Det estetiske inntrykket, særleg på A, B og C, er vakkert. Sjøl om alle gravminne over 60 år blir verna, er det mange «nyare» att. Kremasjon er lite nytta, det er difor få gravleggingar på desse områda. Vern reduserer ikkje kapasiteten.

Alle gravminna som er foreslått verna i 2023, er i stein, ulike typar og utformingar. Dei fleste står på sin opprinnelege plass, dvs dei har autensitet. Nokre er særmerkte. Dekor og symbolikk varierer frå

det heilt enkle til det meir omfattande. Ein må vere klar over at ikkje alle har hatt råd til eit dyrt gravminne.


Variasjonen er stor, få eller ingen er like. Symbola er prega av tida, og av kristen tankegang. Det er eit stort hopp frå symbola tidleg på 1900-talet, til rundt 1950. Symbol/skrift på dei aller nyaste gravminne syner neste steg i utviklinga. Det syner klart at samfunnet er i endring.

Verna gravminne skal gje ein oversikt over kulturhistoriske verdiar, og sikre desse verdiane for framtida.

Gjøvdal er ei lita bygd, det bur i underkant av 150 personar her. Med det i tankane, foreslår ein å verna alle gravminne som er vurdert her. Ein bør ikkje i denne runden foreslå vern av bare nokre vurderte gravminne. Det vil vere uheldig med tanke på dei som ikkje blir foreslått, og kan gi dårlege kjensler. Det er viktig å ha i tankane at alle kan sjølv avgjere om dei ønsker vern. Ikkje alle ønsker det, men det er opp til kvar enkelt.

### 7. Gravfeltstruktur og områder: A, B, C, D, E (skisse og bilde)

Skissa blei utarbeidd av Ingunn Hellerdal i samband med verneplanen i 2013 og viser oversikt over gravminne verna i 2013, og andre registrerte gravminne i 2013, på A, B, C, D, E.



Bilda under supplerer skissa med eit synsinntrykk av felta



Dei to første bilda viser to utsnitt av felt A, langs sakristiet, vidare langs kyrkjeveggen. Stigen langs kyrkjeveggen kan skimtast.



Desse to bilda viser terrassane i bakken opp i retning nyaste del. Felt B går til treet, felt C går frå tre, vidare mot grensa t.h. Kvitt stakittgjerde avgrensar den nyaste delen (frå 1983) mot jorde. Nyaste del går opp til gammalt skulehus.



Felt D er på nordsida, må fotograferast i to delar, frå sakristiet og t.v. for hovudinngangen.



Felt E ligg til høgre for tårnet, stig opp til hovudinngangen synleg t.v., gravminna ligg i bakken ned mot parkeringsplassen, to rekker.



Mellom dei tre bjørkene midt i bildet er det ein slag stig, utan graver. Bilde over: To gamle gravminne med Thorvaldsen (kvit sirkel) motiv gir ei kjensle av port/ingngang til denne delen av kyrkjegarden. Bilde under med piler. Fleire tre er nå borte (vindfall, alder).





Stig opp mellom pilane




Trapp frå parkeringsplassen opp til port, til hovudingang



Muren frå inngangsport, felt E mellom kyrkja og muren

## 8. Dagens situasjon, oversikt over områda som har/skal ha verna gravminne



Gravfeltstruktur, skisse, alle gravminne foreslått verna i denne planen står i desse felt.

Skisse meint som hjelp når ein ser på dronebilda som kjem frå s 17.

Gammalt gravkart finst, men det er uråd å setje inn i dokumentet pga storleik. Forminska gir det ikkje godt bilde av kyrkjegarden. Ikkje oppdatert. Vi vel derfor å bruke dronebilde.

Dronebilda blei tatt fredag 2.desember 2022, foto Svein Mortensen, Åmli



Litt av nabolandskapet, gamle gardar

på Askland, jfr skisse over



Dronebilde, **oversikt over heile kyrkjegarden**, område D t.v for kyrkja, E ved tårnet, A t.h. for kyrkja, B og C ligg t.h. for botnen, nyaste del F, G etc mot gammalt skulehus. Stakittgjerde rundt den nyaste delen. Det har vore steingjerde også t. v. for hovudinngang. Det gjekk like langt opp som gjerdet på høgre side, område B og C kom som utvidingar av kyrkjegarden. Den øvste delen, skråstilt, har bare gravminne frå og med 1983. Område A, E og D ligg på freda område.

På område D, E, A, B og C står dei gravminna som er vurderte for vern.

Felta A, D og E ligg i automatisk freda område (mellomalderkyrkjegard). Inngrep i dette området vil kreve dispensasjon frå kulturminnelova, Rundskriv Q-06/2020, Forvaltning av kirke, gravplass og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø. Planen omfatter vern av gravminne, ingen inngrep.



**Stig**, går frå port til port (smijernsport), dagens hovudinggang t.h



**Muren**, svært gammal, del har rast ut.



Desse **bjørketrea** står nå att i 2022. Dei blei planta til jubileet i 1953.



God plass att på det nyaste gravfeltet (F, G etc), ikkje omfatta av verneplan.

## 9. Kva bør verneplanen omfatte? Ei vurdering

### Mur?



Muren er i dag bare på den eine sida av kyrkjegarden, men det har vore mur også på den sida der gardsvegen passerer langs kyrkjegarden. Muren er så gammal at den må vere automatisk freda, men burde ha blitt reparert. Dette må vere ei oppgåve for soknerådet.

### Smijernsportar?

Smijernsportane må ha ein viss alder, men nøyaktig datering er usikker. Portane burde ha blitt verna.



Hovudinngang i dag, E t. h., D t. v. Stig synleg    Inngangen ved sakristiet, stig synleg

### Terrassane



Terrassane blei laga slik til jubileet i 1953, og det er ikkje aktuelt å endre på dei.

Stig blei laga til jubileet, opp fra hovudinngangen til kyrkja, langs veggen og sakristiet og ned til den andre porten, skiferheller. Det er og ein stig mellom felt B og C, utan heller.

## 10. Gravminne, framlegg til vern av gravminne

I denne planen har ein valt å fokusere på vern av gravminne.

Den viktigste oppgåva for verneplangruppa er vern av gravminne, vedtatt i Åmli sokneråd 9.03.2022. Planen omfattar ei vurdering av gravminne, eldre enn 60 år slik lova seier (med eit par unntak).

Vedlegg: Registrerings skjema



### Område D, t.h. for kyrkja på bildet

Vernegruppa foreslår:

#### Verne heile felt D

Grunngjeving: Stengt for gravlegging. Gravminna oppfyller fleire av vernekriteria. Gamle jernkors og nokre obeliskar og ei rammegrav er i den eine enden av felt D. Skriftflatene vender mot stigen frå den doble porten. I den andre enden av feltet vender skriftflatene mot stigen opp frå hovudinngangen. Synsintrykket her må vurderast til å ha høg verdi. I tillegg til allereie verna gravminne, finn ein fleire med særpreg. Gravminna gir eit bilde av kontinuitet.

Alle gravminne her er registrerte.

Vern: 10 gravminne som ikkje er verna i 2013, D (?06.2) er verna i 2013.

Dokumentasjon: Vedlegg 2d med registrerte gravminne på skjema, felt/område D



### **Område E, t.h. for kyrkja/tårnet på bildet**

Vernegruppa foreslår:

Verne gravminne eldre enn 60 år på felt E

Grunngjeving: Felt E ligg på freda område, som D og A. Gravminna ligg på to rekker, med skriftflata vendt mot stigen frå hovudporten. Gravminna foreslått verna, oppfyller fleire av vernekriteria. Det er framleis fleire gravminne som ikkje er 60 år, ikkje foreslått verna. Graver plassert på ei rekke etter kvarandre, to terrassar. Synsintrykket som ein møter på veg opp frå hovudinngangen, må vurderast til høg verdi. Gravminna gir eit bilde av kontinuitet.

Vern: 5 gravminne

Dokumentasjon: Vedlegg 2e med registrerte gravminne på skjema, felt/område E





#### **Område A, t.v. for stig og kyrkje på bildet**

Vernegruppa foreslår:

Verne gravminne eldre enn 60 år på felt A

Grunngjeving: Dette er område nærmast kyrkja, på freda område. Gravminna oppfyller fleire av vernekriteria. Det er framleis fleire gravminne som ikkje er 60 år som ikkje er foreslått verna. Skriftflatene vender mot stigen slik at ein møter namna når ein går inn den doble porten. Gravene er plassert på tvers av terrassane, heilt systematisk. Blanding av enkle, doble og to graver på terrassane. Synsintrykket som ein møter på veg opp frå hovudinngangen, må vurderast til høg verdi.

Vern: 8 gravminne

Dokumentasjon: Vedlegg 2a med registrerte gravminne på skjema, felt/område A

På område A, D og E kan det ikkje gjerast endringar (freda område). Det fører ikkje til anna enn at urnenedsetjingar er tillete på A og E, dvs at gravminnestrukturen ikkje kan endrast.

Dette er rekna som middelalderkyrkjegard, med kontinuerlig gravlegging. Det er den eldste delen av kyrkjegarden. Det er sær viktig at ein kan ha ståande gravminne her, at ikkje gravminna blir sletta, så ein får tomme felt. Gravminna gir eit bilede av kontinuitet, og fortel om den historiske samanhengen på kyrkjegarden.



### **Område B og C, vidare frå botnen og opp til vannpost**

Vernegruppa foreslår:

#### **Verne gravminne eldre enn 60 år på felt B og C**

Grunngjeving: Her er det terrassar som skapar et estetisk synsinntrykk og nærleik til området. Gravminna oppfyller fleire av vernekriteria. Det er framleis fleire gravminne som ikkje er 60 år som ikkje er foreslått verna. Eit par nyare er i tillegg foreslått verna. God plass til urnenedsetjing, (som på A). Denne delen kom etter utvidingar i 1927 og 1947, litt usikkert nøyaktig kor grensa gjekk i 1927. Men B og C er den «nye» delen før utviding i 1983. Det fortel at her er mange gravminne som ikkje er foreslått verna. Vurdering for vern fram til gravleggingar t.o.m.1962. Likevel spelar denne delen ei viktig rolle, spesielt sidan den blei restaurert i samråd med fylkesgartnar Tveito til jubileet i 1953. Bygdefolk støtta heilhjarta opp om prosessen. Gravminna er plasserte med skriftflata i retning kyrkja, ikkje slik som på felt A. Doble rekker på alle terrassane. Med A på høgre side, botn i midten, B og C på v. s. når ein står ved port/benkar, gir eit vakkert synsinntrykk, plasseringa er godt planlagt, høg verdi. Det fungerer som ein godt tilrettelagt heilskap.

Vern: På B 11 gravminne, på C 20 gravminne, totalt på B og C 31 gravminne

**Dokumentasjon:** Vedlegg 2b og 2c med registrerte gravminne på skjema, felt/område B og C



På desse område: D, E, A, B og C står dei gravminne som er vurderte for vern. Kvart felt er ei sjølvstendig eining. Verneplangruppa tilrår å ta vare på einingane og halde fast på prinsippene som ligg til grunn for korleis kvar eining er organisert.

#### **Orientering om tal på registrerte gravminne**

Av 55 registrerte gravminne (i 2022) er det registrert eit gravminne som blei verna i 2013, D ?06.2, truleg frå 1877. Grunn: Skrifta er nå synleg og skrive ned. 54 gravminne står att til vurdering for vern.

Vern av alle gjenverande gravminne på D utgjer 10 gravminne

Vern av gravminne eldre enn 60 år på felte A og E utgjer 13 gravminne. Det er att 31 på B og C.

B og C er dei «nyaste felte, siste utviding 1947. Vern her omfattar 31 gravminne, eldre enn 60 år med eit par unntak.

Totalt registrerte gravminne før 1952: 29 (28 dersom ein ser bort frå D ?06.2).


Reg. gravminne i perioden 1952-1962:26

Ein må rekne med at dei fleste står på den opphavslege plassen, dvs. dei har autentisitet. Etter oppgraderinga før jubileet i 1953, blei dei truleg sett tilbake der dei hadde stått.

#### **Konklusjon: Verne 54 registrerte/vurderte gravminne på A, B, C, D, E**

Vedlegg kalt **Vurdering av gravminne**, oversikt/oppsummering av alle vurderte gravminne.

## Typer gravminne delt inn i grupper, A, B, C, D, E, F, G, H



Gruppe A, med sidevangar

Før 1952: 3

1952-1962: 0

Eldre type gravminne, fordelt på felta A: 1, C: 1, E: 1, tils 3

---



Gruppe B, stående flat stein, med eller utan sokkel

Før 1952: 2

1952-1962: 3

Eldre type gravminne, fordelt på felta B: 2, C: 2, D: 1, tils. 5

---



Gruppe C, kvadratisk, avrundingar på toppen, ulike variantar

Før 1952: 6

1952-1962: 8

Litt nyare, i ein overgangsperiode før/etter -52. Topp med mange variantar og ulik dekor, fordelt på felta A: 4, B: 2, C: 4, D: 2, E: 2, **tils. 14**



Gruppe D, kvadratisk, utheva topp, flat eller avrunda

Før 1952: 8

1952-1962: 3

Mest vanleg før 1952, alle med ulik dekor, fordelt på felta A: 2, C: 6, D: 2, E: 1, **tils. 11**



Gruppe E, kvadratisk, rett topp, eit med avrunda hjørne

Før 1952: 3

1952-1962: 8

Mest vanleg etter 1952, store variasjonar i dekorfordelt på felta B: 4, C: 3, D: 2 (3), E: 1, tils **10 (11)**

---



Gruppe F, kvadratisk med rund topp

Før 1952: 2

1952-1962: 1

I perioden rundt 1952, enkel dekor, gravminna fordelt på felta B: 2, D: 1, tils. **3**

---



Gruppe G, anna

Før 1952: 3

1952-1962: 3

Spesielle gravminne, ikkje lett å tidfeste ut frå form, fordelt på felta A: 1, B: 1, C: 3, D:1, **tils 6**

---



Gruppe H, rektangulær, liggande

Før 1952: 2

1952-1962: 0

Rektangulære gravminne, vanskeleg å slå fast når eit gravminne er rektangulært eller tilnærma kvadratisk.

Fordelt på felta C: 1, D: 1, **tils 2**

---

Totalt 55 registrerte på skjema, inkludert nr ? 06.2, tidlegare verna.

## 11. Følgjer av verneplanen/forvaltningsreglar

Verna gravminne kan ikkje fjernast eller flyttast frå staden dei står. Verna gravminne kan med andre ord ikkje flyttast frå kyrkjegarden, heller ikkje utstyr som t.d. rammer. Nye gravleggingar er tillete for den/dei som er festar av grava. Tilføyning av nye namn må gjerast i samråd med kyrkjeverje. Nytt gravminne ved sida av det verna gravminne (med same festar) må vurderast med tanke på utforming og kva som høver. Vanleg vedlikehald, fjerning av lav, mose, er tillete.

Vedtekter om verna grav §9, vedtak 17.12.2014 Agder og Telemark bispedømme.

Vedtekter om namn: Tilføyning av namn på verna gravminne kan skje på skriftflata eller på baksida. Dersom det ikkje er meir plass, kan namn og data setjast på ei liggande plate av same materiale og utsjånad som gravminnet. Storleik og plassering skal i kvart einskild høve godkjennast av kyrkjeleg fellestråd ved kyrkjeverja.

På felta A,B, C, E er det ikkje problematisk å verne gravminne. Her er bare urnenedsetjing tillete. Kapasiteten på kyrkjegarden er ikkje redusert. Få ønsker kremasjon, det er god plass til kistegravlegging på utvida del (utvida 1983). For gravminne utan festar blir kyrkjegarden/kyrkjeleg fellestråd å rekne som eigar. Kyrkjegarden/kyrkjeleg fellestråd står då som ansvarleg for tryggleik og eventuell restaurering. Vedlikehald: Akseptabelt med gras inn til gravminnet, for gravminne med ramme, planting av enkle stauder.

Private festarar av gravminne må samtykke skriftleg i vern. Ikkje alle ønsker å binde seg til vern, og festar avgjer om gravminnet skal slettast når festetida går ut, eller forlenge festetida og betale. Festar kan gje avkall på retten til å feste grava, og overlate gravminnet til kyrkjegarden og samtykke i vern. Då mistar festar retten til å nytte staden/grava til nye gravleggingar. Kyrkjeleg fellestråd mistar festeinntekta.

### **Vedlegg: Vedtekter for gravplassane i Åmli kommune**

## 12. Vidareutvikle, sjå samanhengar

Kyrkjegarden vil vere i utvikling, og ein har ikkje problem med plass til nye gravleggingar. Det er viktig å tenke på kontinuitet, og samstundes bevaring, særleg på freda del. Gravminne og historie kan gå hand i hand med utvikling. Jubileet i 1953 markerte ein ny æra i kyrkjegardens historie. Dette må tas vare på. Eldre gravminne representerer kultur, tradisjon og lokal historie. Områda rundt kyrkja representerer den tidlege historia, med utvidingane ser ein korleis også bruk av gravminne utviklar seg. På det nyaste feltet kjem dagens utvikling.

På den nye delen kan ein vidareutvikle nye tankar.

Kyrkjegarden er sentral for hendingar som gravferd, dåp, konfirmasjon, vigslar. Kyrkja er slik ein samlingsstad for bygda. For folk som kjem på kyrkjegarden er det viktig at dei kjenner att namn på slektingar og kjente. Det vil gje dei ei kjensle av å høyre til i bygda.

Friviljug innsats for stell vil vere viktig for å ha ein velstelt kyrkjegard.

### **Vedtekter, varsling, avtaler med festarar**

## 13. Drift, skjøtsel

Åmli kommune har tatt over ansvar for drift av kyrkjegardane. Det vil seie plenklipping, stell av kyrkjegarden m.m.



På områda nær kyrkja i Gjøvdal vil det først og fremst vere vanleg vedlikehald av eksisterande freda område. Det same gjeld på B og C, terrassane skal ikkje fjernast. Med andre ord, det blir inga endringar i korleis kyrkjegarden skal vedlikehaldas, heller ingen endringar på freda del.

På det nyaste område (1983) F, G, osb. gjeld eigne planar for bruk.

#### 14. Økonomi

Fellesrådet i Åmli har hatt minimale utgifter til vedlikehald av verna gravminne. Sparebanken Sør har tidlegare gitt pengar, og ein har tidlegare fått kulturmidlar frå fylkeskommunen. Stell av graver/gravminne blir gjort ved dugnadsinnsats av ei verneplangruppe. Ein reknar med at friviljug innsats vil halde fram. Det er også aktuelt å søke om kulturmidlar i framtida.

Åmli fellesråd kan setje opp ein sum i budsjettet til årleg vedlikehald.

#### 15. Oversikt over arbeidsgangen i verneplanen

Vedtak om utvida verneplan, oppdragsgivar Åmli Fellesråd

Arbeidsgruppe, friviljuge ressurspersonar

Historikk, utvikling av kyrkjegarden, grunnlag for vurdering

Registrering av gravminne som skal vurderast i verneprosessen (skjema)

Vedlegg: Skjema for registrering

Vedlegg: Registrerte gravminne, 2a, 2b og c, 2d, 2e

Vedlegg: Skjematisk oversikt over registrerte gravminne

Inndeling i typer gravminne, vurdert ihht tidsepoker

Vedtak i Åmli Fellesråd, (vedta verneplanen)

Brev til festarar

**Vedlegg: Brev til festarar**

**Vedlegg: Oversikt over festarar av foreslåtte verna gravminne**

Vedtekter

Vedlegg: Vedtekter for kyrkjegardane i Åmli

Sende ut planen på høring til Åmli kommune, fylkeskommunens kulturminneavdeling, Bispedømmet, gravplassrådgivar, riksantikvaren

**Vedlegg: Brev(tekst) sendast ut på høring til Åmli kommune, Agder fylkeskommune, riksantikvaren, Bispedømmerådet, Gravplassrådgivar**



Dronebilde desember 2022, oversikt over Gjøvdal kyrkje med kyrkjegarden

Kjelder: Åmli Kyrkje, jubileumsboka Gjøvdal kyrkje(1953), jubileumsbok 2003, munnlege kjelder, (hovudkjelde Knut T. Askland, Vollen, f.1942), Bygdebok for Gjøvdal, Gjøvdal kyrkje og kyrkjegard, 2014